



Vellukka kamp mot kriminelle gjengangarar

(NPK–NTB): Det arbeidet politiet har sett inn mot kriminelle gjengangarar, har redusert kriminaliteten fleire stader i Noreg.

Prosjektet går ut på at politiet følgjer dei verste vinningsforbrytarane over lengre tid og slår hardt og raskt ned på lovbrøt.

I Hordaland er talet på bustadinnbrøt og biltjuveri halvert sidan prosjektet starta. Også i Oslo går kriminaliteten ned. Blant gjengangarane i hovudstaden er kriminaliteten redusert med 3 500 lovbrøt i året, melder NRK.

(©NPK)